

Til fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Frå «Dans Uten Grenser» DUG

Førde, 24.05.2016

Søknad om tilleggsføring til Jubileumsførestilling 2016 - Danseverkstadane

Vi søker med dette om ei tilleggsføring frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune til danseverkstadane si jubileumsførestilling på kr 200 000,- til gjennomføring av jubileumsførestillinga 2016 i samband med at danseverkstadane i fylket er 10 år.

Hovudutval for næring og kultur løyvde tidlegare i år kr 150 000,- til prosjektet. Vi gjekk om lag samtidig breitt ut til bedrifter og kommunar med søknader om sponsorstøtte, men har diverre berre fått svar frå Lærum i Sogndal, som gjev støtte i form av produkt som vil redusere matbudsjettet noko. Vi har heller ikkje fått tilskot frå Norsk kulturråd eller frå andre stønadskjelder. Vi tenkjer likevel at vi kan berekne tilleggsføringar frå kommunane med ein mindre sum.

Manglande inntekter har gjort at vi har redusert utgiftene så langt det er forsvarleg, og har no eit revidert budsjett på kr 1.190 000,- der vi har budsjettert med ei tilleggsføring frå FU på kr 200 000,-.

Viss vi er så heldige å bli tildelt ei tilleggsføring som omsøkt, vil realiseringa/gjennomføringa av jubileumsførestillinga vere sikra utan at vi må gå på akkord med kvalitet og oppfølging av dei 100 ungdommane som er midt i øvingane fram til førestillingane, og som vil stå på scener i fylket i oktober d.å. For ungdommane betyr det å delta på ei slik stor førestilling mykje både i læringsutbytte og gode opplevingar og fellesskap på tvers av kommunegrenser.

Vi viser elles til vedlagt prosjektbeskrivelse og budsjett for førestillinga.

Med helsing

Ove Henning Solheim

Daglig leder, Dans Uten Grenser

